

Kaupanger Hovedgård
v/Christen Knagenhjelm
Jektestrondi 2

6854 KAUPANGER

Dato

12.05.2021

BD SAK 246/21

Stoppordre for masseuttak på Myradn, g/bnr. 105/538

Kommunen gir pålegg om straks å stoppe arbeid i masseuttak på g/bnr. 105/538. Stoppordren vert gitt med heimel i plan- og bygningslova § 32-4, og betyr at:

1. Du må stoppe pågåande arbeid i masseuttaket på eigedomen med umiddelbar verknad.
2. Du kan ikkje ta opp at arbeidet før kommunen eventuelt har gitt løyve til dette.
3. Kommunen kan følge opp dette pålegget om umiddelbar stopp med å ilegga deg tvangsmulkt eller også eit førelegg som kan få same verknad som rettskraftig dom.
4. Om nødvendig må du sikra område forsvarleg før du forlét det.

Kommunen si vurdering

Vi er med brev av 11. d.m. frå Statsforvaltaren gjort kjent med at dispensasjon for lenging av masseuttak gjeve i sak 99/20 i kommunestyret 21.10.2020 **er oppheva** og sendt tilbake til kommunen for ny handsaming.

Drift av masseuttaket har dermed ikkje nødvendig løyve og må derfor stoppast med umiddelbar verknad. Kommunen må ta saka opp til ny handsaming og eventuell vidare drift kan ikkje ta til før nytt løyve ligg føre.

Varsel om tvangsmulkt og førelegg

Dersom du ikkje følger opp pålegget umiddelbart, vil kommunen ilegga deg tvangsmulkt. Kommunen kan alternativt, eller i tillegg til tvangsmulka, gi deg eit førelegg. Eit slikt førelegg vil kunne få same rettsverkand som ein rettskraftig dom og blir fullbyrda etter reglene for dommar. Et førelegg inneber at vi kan tinglysa vårt krav som eit hefte på eigedomen din.

Vi har også høve til å politimelde forholdet, og kan be om hjelp frå politiet til å stoppa arbeidet.

Klagefristen er tre veker

Det er mogleg å klage på dette pålegget om stopp. Fristen for å klage er tre veker frå du fekk dette vedtaket. Du må stoppa arbeidet umiddelbart, sjølv om du ønsker å klage.

Nytta regelverk

- Kommunen sin rett til å gi deg pålegg om å stoppe arbeidet og om nødvendig be om hjelp av politiet, er heimla i plan- og bygningslova (pbl) § 32-4.
- Kommunen sin rett til å vedta tvangsmulkt er heimla i pbl § 32-5.
- Kommunen sin rett til å gi førelegg er heimla i pbl § 32-6.
- Kommunen kan politimelde forholdet etter plan- og bygningslova § 32-9 om straff.

Postadresse:

**Postboks 153
6851 SOGNDAL**

Telefon: 57652500
Telefaks: Org.nr:

Bankgiro:
922121893

3705.39.85867

e-post: postmottak@sogndal.kommune.no

- Din rett til å klage på vedtaket er heimla i forvaltningslova § 28.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med oss om du har spørsmål.

Med helsing
Sogndal kommune

Åsmund Veigel Gaukstad
leiar Plan og forvaltning

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.

Kopi til:
Norconsult As Avd Sogndal, Trolladalen 30, 6856 SOGNDAL

Vedlegg:
Orientering om klageadgang